

# Møtereferat

**Møte:** Møte AU Midt-Norge  
**Tid/Sted:** Måndag 30.10.17 kl 18.30 – kl 20 + kl 21 – kl 22 på Quality Airport Hotel i Stjørdal sentrum  
**Tilstede:** Lars Morten Rosmo, Olav Håkon Ulfnes, Trude Sandstad Eldnes, Ragnar Valstad, Sverre Tyldum, Kolbjørn Frøseth og Roy Albertsen  
**Forfall:** Oddveig Gikling-Bjørnå og Johan Kristian Daling  
**Kopi til:** Vara AU, leiargruppa region Midt og Tor Olav Brandtzæg  
**Referent:** Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 30.10.2017

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<b>Orientering frå styremøte 23. – 24.10 og Konsernråd 24.10</b> Orientering frå styremøte gjekk ut, då Oddveig hadde sjukdomsforfall. Lars Morten la fram forslag til helsing til Oddveig, som RU Midt kan sende til ho.  Lars Morten orienterte kort frå Konsernrådsmøtet 24.10. Bra og aktivt konsernråd og AU-samling. Økonomisk resultat er utfordringa.  <b>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.</b>	
2	<b>Førebuing av RU-møtet</b> Køyreplanen vart gjennomgått, med vekt på: <ul style="list-style-type: none"><li>• Separate møter for dyreslaga</li><li>• Utvelging av mest aktive kretsutval.</li><li>• Innspel frå kretsane vedk høyring strategi</li><li>• Gruppearbeid dyrevelferd:</li><li>• Toastmaster/underhaldning</li></ul> Gruppearbeid dyrevelferd: AU-medlemmane er gruppeleiarar. Svara vert gjennomgått i neste AU-møte.  <u>Innspel frå AU vedk høyring strategi:</u> Oppgåve 1: <ul style="list-style-type: none"><li>• Leverer og støttar eige selskap</li><li>• Langsiktig eigarskap</li><li>• Samvirkeforma som jobbar for høgast mogeleg pris til bonden</li><li>• Framsnakke samvirketanken og felleskapet</li><li>• Makt i verdikjeda</li><li>• Sikkert oppgjer</li></ul> Oppgåve 2: <ul style="list-style-type: none"><li>• A: Reklamen må vere sannferdig, vi må dokumentere og gjere det vi seier, slik at det kan visast fram for forbrukar</li><li>• A: Vise fram realistisk og ikkje idealisert bilete av landbruket</li><li>• B: God dyrevelferd er det som skil oss frå landbruket i andre land.</li><li>• B: Kunnskap for aksept og motivasjon</li><li>• B: Selje inn for å sikre omdømme og marknadsposisjon</li></ul> Oppgåve 3: <ul style="list-style-type: none"><li>• A: Bruke pris i den grad det er effektivt</li></ul>	

- A: Dilemma med ressursutnytting kontra marknad, t.d. i å kunne utnytte beite, som del av dyrevelferd
- A: Pris og tilskot må sjåast i samanheng.
- A: Prisdifferanse framfor kontraktsproduksjon, hensyntatt politikk og berekraft.
- B: Langtidsinnmelding kombinert med pris er interessant.
- C: Er uønska, men dersom vi misser reiskap for marknadsstyring, er sterkare grad av produksjonsstyring ei mogelegheit.

Oppgåve 4:

- For å skape lønsemd i smale produksjonar er det ok.
- Føresetnad at spesialvarestraumen skaper verdi.

Oppgåve 5:

- Bønder må delta i profilering av produkt, også på låveveggar, o.l.
- Viktig med identitetsbygging og stoltheit blant eigarane.

Oppgåve 6:

- Promotere verdien av det å vere eigar av selskapet du leverer produksjonen din til.

**Vedtak: AU kårer Snåsa krets til årets mest aktive kretsutval. Hederlig omtale til kretsane Porten mot havet og Hustadvika. AU oversender sine innspel til strateginotatet til styret, saman med innspela frå kretsane.**